

poststempel 27.4.2010

Årdal elveeigarlag

4137 Årdal i Ryfylke

Sivilombudsmannen

Postboks 3 Sentrum

0101 OSLO

Sivilombudsmannen	
År/Saksnr. 07/2299	Dok.nr. 3
10/1052 28 APR. 2010 vedl.	
Ark.kode 519 91	
L.nr.	Saksbeh. <i>W</i>
Te.	

Dykkar saksnr. 2001 – 481

REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR ÅRDALSVASSDRAGET - KLAGE PÅ STANS I
SAKSHANDSAMINGA I OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET.

Ein viser til Årdal elveeigarlags klage til Dykk av 25.02. 2001, lagets brev av mars 2006, og Dykkar svarbrev av 23.03. 2001, 09.05. 2001 og 26.04. 2006.

I sistnemnde brev frå Dykk var vedlagt svar frå Olje- og energidepartementet (OED) av 18.04. 2006. Det vart sagt at Årdalsaka skulle handsamast så snart Vinstrasaka var handsama, og Vinstrasaka skulle avgjerast innan utgangen av 2006.

Fleire etterlysingar i OED har gjeve same svaret: "Ingenting skjer med Årdalsaka i departementet."

Det er tydeleg at OED ikkje etterlever lovverket om revisjon av eldre vassdragskonsesjonar som Stortinget vedtok i 1992.

Hjelmeland kommune reiste krav om revisjon i 1998, (Årdal elveeigarlag reiste krav i brev til NVE i 1995), NVE sende innstilling med forslag til nye vilkår til OED den 26.03. 2003. OED har nå hatt saka til sluttavgjerd i sju -7- år!

Lyse Energi fekk konsesjon til regulering av vassdraget 19.11.1948 utan krav til minstevassføring. Kravet frå Hjelmeland kommune om endra vilkår (minstevassføringskrav) er sers rimeleg og vert støtta av Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Direktoratet for naturforvaltning, Miljøverndepartementet, Naturvernforbundet, jeger- og fiskerforeningen, turistforeningen, m.v..

Produksjonskostnaden for krafta i Lysebotn kraftstasjon er venta å stiga med mindre enn 0,04 øre (ikkje kroner) per kilowattime p.g.a. minstevassføringskravet. Dette er langt mindre enn andre kraftprodusentar må tåla av miljøkrav. Kalkulert reduksjon i kraftproduksjonen er mindre enn 0,8 % og er ikkje gyldig motargument. Innan gjeldande regulering har Lyse Energi nyleg utvida produksjonen med om lag 4 %, og auka nedbørmengde dei siste ti-åra har medført ein gratis produksjonsauke på 10-15 %.

Innstillinga frå NVE av 26.03. 2003 til OED har elles grove faktafeil som elveeigarlaget, fylkesmannen, Direktoratet for naturforvaltning, og andre, har peika på i brev til NVE og OED. Desse feila må rettast opp.

Lovvedtaket om revisjon har Stortinget følgt opp fleire gonger. I samband med meldingane om rikets miljøtilstand har Stortinget vedtatt at revisjon av eldre vassdragskonsesjonar skal vera ei høgt prioritert politisk sak.

I mai 2009 vart revisjonsspørsmål reist i Stortingets spørjetime. Statsråd Erik Solheim bekrefta at miljøhensyn skal få auka vektlegging når ein vurderar revisjon av vassdragskonsesjonar, og at dette er Regjeringa sitt felles syn. Sjå vedlagde kopi frå spørjetimen.

Årdal elveeigarlag bed Sivilombodsmannen ta tak i saka og hindra at Olje- og energidepartementet i endå lenger tid får sabotera lovverk og Stortingsvedtak om nødvendig vilkårsrevisjon.



Vedlegg